



Rygir Tomteutvikling v/ Torkel Hope

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3787 - 15/6721

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

08.04.2015

Informasjon om planlagt utfisking av gullvederbuk.

Meland kommune har som nevt i tidligare kommunikasjon ønske om å gjennomføre utfisking i Mjåtveittjørna. Noe de som grunneier/grunneiers representant har samtykket til, og dette brevet inneheld meir utfyllande informasjon om kvifor kommunen ynskjer å gjennomføre ei utfisking. Meland kommune vart i augsut 2014 kjent med at det var gullvederbuk i Mjåtveittjørna. Etter ei synfaring og fangst av eit eksemplar vart dette stadfesta. Det er litt usikkert korleis fisken har kome i vatnet, men truleg har det vore sleppt ut fisk frå eit akvarium eller dam rundt år 2000. Mjåtveittjørna er registrert som eit naturlig fisketomt vatn, eit av berre tre i Meland kommune. Vatnet er eit dystroft (myr/humuspåvirka) tjørn og ligg lokalisert mellom Mjåtveitflaten bustadområde og Mjåtveit næringsområde. Då tjørnet er naturlig fisketomt kan det ha ein annan artssamansetning av virvellause dyr enn i vatn med fisk, men det er ikkje gjennomført artsundersøkingar i vatnet. Mjåtveittjørnet er også eit yngleområde for padde og buttsnutefrosk.

Gullvederbuk er ein variant/fargevariant av vederbuk, som finst naturleg i austlege delar av Noreg. Det er regionale skilnader mellom mangfaldet av fiskearter i Noreg, Hordaland er ein artsfattig region der det berre er aure, laks, røye, ål og stingsild som er dei naturlige fiskeartane i ferskvatn. Framande artar er som oftest nasjonalt framande, men det er også regionalt framande artar då dei får sitt utbreiingsområde utvida grunnet menneskeleg flytting. Altså artar som finst naturleg i delar av Noreg, men ikkje i andre, kan difor reknast som framande artar. Gullvederbuk er difor rekna som ein regionalt framand art i Hordaland, da den ikkje naturleg har utbreiing i regionen. Det finst fleire tilfelle av regionalt framande artar i Hordaland, og dette kan utgjera ein trussel for det naturlege artsmangfaldet. Utsetting og flytting av fisk er ikkje lov etter *Forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvassorganismer* utan løyve.

Flytting av fiskeartar kan medføre ein direkte trussel for det biologiske mangfaldet, ved at utslept fisk kan beite ned bestanden av virvellause dyr. I vatn utan fisk, kan det være ein annan artsammensetning med ein høgare andel av store virvellause dyr som er meir utsatt i vatn med fisk og utgjør der ein lågare andel av dei virvellause dyra. I tillegg har gullvederbuk kapasitet til å endre dei kjemiske tilhøva i vatnet, karpesker roter/leitar etter mat i botnsubstratet i sitt næringsøk. I botnsubstratet kan det liggje lagra næringsalt, som ved opprotting av botnsubstrat kan frigjerast i vassmassane og føra til eutrofiering (auka tilførsel av næringsstoffer). Ei eutrofiering kan vidare føre til algeoppblomstring med påfølgjande oksygenmangel i vatnet. Næringsøket i botnsubstrat kan også føre til auka turbiditet (mengde partikler) i vatnet og dermed

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

senke vasskvaliteten. At det vert flytta og sleppt ut fisk mellom vatn og vassdrag er eit stort problem, og det er mange artar i Noreg som har fått utvida sine leveområder grunna meneskeleg flytting av artar. Denne flyttinga held fram til tross for dei store konsekvensane som det kan medføra. Når ein fiskeart først har etablert seg kan det være ein svært vanskelig, om ikkje ein umogelig oppgåve å reversere. Framande fiskeartar er eit så alvorleg problem at det no vert utarbeidd ein nasjonal handlingsplan mot framande fiskeartar i ferskvann.

Mjåtveittjørna har ein svært begrensa storleik og er ikkje i direkte tilknytning til andre tjern, bekker eller elvar. Dette betyr at eit tiltak i dette vatnet kan ha ein betydelig effekt. Det finnst ei rekkje ulike tiltak som kan iverksetjast for å fjerne ein uønskja fiskeart frå eit vatn, men i Mjåtveittjørna er det utfisking som er det aktuelle verkemiddelet for å redusere/fjerne bestanden av gullvederbuk. Utfiskinga bør gjerast i samband med gyting, slik at den har ein størst mogelig effekt, da gullvederbuken samlar seg i stimer under gyting. Tiltaket må mest sannsynleg gjennomførast meir enn ein gong for å forsikre seg om at ein har tatt ut mest mogelig/alt av fisk i vatnet.

I løpet av første halvdel i mai vil det bli gjennomført utfisking i Mjåtveittjørna med garn og ruser. Dette for å hindra skade på naturmanfaldet, fjerna ein framand art og hindre vidare spreeing til andre vatn og vassdrag.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Kopi:

Mjåtveitmarka vel v/ Fredrik
Seliussen

Mjåtveitmarka 79 5918
A

FREKHAUG

Mottakere:

Rygir Tomteutvikling v/ Torkel Hope
Terje Eriksen